

**Vekst i trafikken over Stord Lufthamn**

03.12.2009

**I november reiste det 2.881 personar over Stord lufthamn. Dette utgjør ein auke på 773 personar eller 36,7% dersom ein samanliknar med same månad i 2008. opplyser lufthamnsjef, uskedelingen Jan Morten Myklebust.**

Pr. november har det reist 20.732 personar over lufthamna. Dette utgjør ein auke på 9.078 personar eller 78% dersom ein samanliknar med same periode i 2008.

Også talet på flyrørsler er veksande. Pr. november d.å. vart det registrert 4.283 flyrørsler på lufthamna. Dette utgjør ein vekst på 229 flyrørsler eller 5,7% dersom ein samanliknar med same periode i 2008.

Grunnen til den positive passasjerveksten skuldast DAT sine konkurransedyktige billettprisar samt høg regularitet på Osloruta. Flyselskapet DAT står for det meste av flyaktiviteten på lufthamna.

Det færøyske flyselskapet, Atlantic Airways har igjen starta med charterflyging på Stord lufthamn. Flyselskapet flyg færøyske gjestearbeidarar frå Stord til Færøyane.